



VINDAFJORD
KOMMUNE

Ut på tur i Vindafjord

2021



Foto: Roald Årvik

Gå tur og bli med i trekninga av gåvekort!

15 turar (6 tilrettelagte turar)

Gå tur og finn kodeord

9 TURAR: I brosjyren finn du informasjon om 9 ulike turmål i Vindafjord kommune. Dersom du går alle desse turane i perioden 26.03.2021 – 31.10.2021 og registrerer kodeorda – så er du med i trekninga av gåvekort. Det er sett opp turkassar med kodeord på alle turane.

6 TURAR: I tillegg er det lagt til rette 6 lettare turar for alle, også for barnevogner, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma. Det er nok å ha samla 4 av 6 ord for å vera med i trekninga av gåvekort. Det er sett opp turkassar med kodeorda på alle turane.

Registrering av kodeord

Det er ikkje lagt ut bøker til å skriva namnet ditt i på grunn av korona-situasjonen. For å bli med i trekning av gåvekort, kan du enten levere inn kodeordene i post eller på nett.

Post: Noter kodeord på tilvist plass på baksida i brosjyren – kodeorda vil til slutt bli ei setning. Når du har alle orda på plass, sender du inn brosjyren til Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen, innan 05.11.2021.

På nett: I år vil det og vera mogleg å levera inn «kodeordsetninga» digitalt på heimesida vår.



TELLTUR (i samarbeid med Friluftsrådet Vest): Bli med i konkurranse om å nå flest turmål i Nord-Rogaland og Sunnhordland! På telltur kan du også registrera turane dine elektronisk, enten med SMS, direkte på nettet eller i appen (Norges Kart Friluftsliv). I år vil det vera over 100 turmål i vår region med i TellTur-programmet. Opprett din eigen brukar på nettportalen TellTur (www.telltur.no), finn nye turmål og registrer turane dine. Her kan du halda oversikt over turane og poenga dine og konkurrera med deg sjølv og andre om fine premiar. Meir info på TellTur.no!

Vanskegrad på turane



Grønn = Enkel



Blå = Middels



Rød = krevjande

9 turar



ØLENSVÅG – Bukkanibbo
på Lampedalsfjellet 558 moh.

Avstand: 9 km t/r frå busslomma

Tid: Ca. 3 t

Vanskegrad: Krevjande

Tilkomst og parkering: Ta av E134 og køyr omlag 300 m på Bjoavegen og parker på «busslomme» ved gamleskulen eller følg Duelandsvegen ca. 600 m til opparbeida parkeringsplass.

Terreng: Bilveg og traktorveg i starten, deretter sti i terrenget.

Om turen: Frå parkeringa går ein først på bilveg til Dueland, delvis vidare på skogsveg til Brurasteinen der ein tar av mot vest og går resten av turen på sti. Stien går stykkevis over myr og fuktige parti, den er merka med skilt og stikker. Toppen ligg såpass høgt og fritt at ein har flott utsikt til mange bygder, mellom anna: Ølen, Vats, Stord, Tysnes.



Bukkanibbo. Foto: Mari Hetland Sunde



SANDEID – Hovda 589 moh.

Avstand: Ca. 8 km t/r


Tid: 2-2,5 timer t/r

Vanskegrad: Krevjande

Tilkomst og parkering: Parkering ved Sandeid samfunnshus som ligg på motsett side av Sandeidvegen ved Sandeid kyrkje. Her finn du og informasjonstavle med turkart.

Terreng: Asfaltert veg, grusa gardsveg, traktorveg gjennom beite, vått parti i starten av stien og bratt det siste stykket opp mot toppen.

Om turen: Frå parkeringsplassen følg Helgelandsvegen ca. 500 m, ta av til venstre etter passering av gardstun (stor løe), sjå skilt til Hovda. Følg så grusa gardsveg ca. 500 m og så traktorveg opp gjennom beiteområde. Følg denne ca. 2 km til stien tar av til venstre frå traktorvegen. Følg stien til toppen.



På toppen av Hovda Foto: Stine Helen Marken



Vakre Vasstølsvatnet. Foto: Marit Svandal



IMSLAND – Vasstølsvatnet

Avstand: 5,1 km

Tid: 1,5-2 t (rundtur)

Vanskegrad: Middels, fin familietur

Tilkomst og parkering: Ta av frå Saudavegen og inn på Ølmedalsvegen på austsida av Ølmedalsvatnet. Ta så til høgre på privat bomveg før Ølmedal Camping. Her betalar du 20 kroner kontakt i kasse. Følg denne til du kjem til ein stor parkeringsplass.

Terreng: For det meste på god traktorveg. Går over på sti ved enden av vatnet med nokre våte parti.

Om turen: Gå forbi bom på skogsveg. Følg denne heilt til endes, då kjem du til Vasstølsvatnet der du finn turkassen med kodeord. Det er fine bade-plassar oppover langs elva og oppe ved vatnet. Turen tilbake er merka om Liabøstølen som ein liten rundtur.



VIKEBYGD – Trodlanibbå 536 moh.

Avstand: 5 km t/r

Tid: 2-3 t

Vanskegrad: Krevjande

Parkering: Ved bygdauset i Vikebygd

Terreng: Traktorveg i byrjinga, deretter sti i terrenget.

Om turen: Turen startar ved bygdauset i Vikebygd. Følg grusveg ved innkøyrse til bygdauset ca. 150 m, ta så til venstre inn på traktorveg. Følg traktorveg inn og oppover i skogen. Ta av frå skogsveg og inn på sti, der skogsvegen gjer ein 90 graders venstresving. Følg deretter sti, og merke oppover til toppen.



Varden 280 moh. Foto: Siri Nonslid



Kulturstien har infoskilt på nokre av fornminna



Trollanibbå i Vikebygd. Foto: Røald Orvik



SKJOLD – Varden 280 moh.

Hodnafjell 325 moh. som tilleggstur

Avstand: 5 km t/r frå parkering til Varde. Tilleggstur til Hodnafjellet er 1,5 km t/r frå stikrysset.

Tid: 2-3,5 t

Vanskegrad: Enkel

Kulturminne: Kalvelandskverna

Tilkomst og parkering: Ved Ersland bedehus. Ta av frå E134 ved første avkjøring sør for bedehuset og kjør ca. 200 m på sykkel- og gangstien tilbake til bedehuset.

Terreng: Variert terreng med ein del traktorveg, sti og noko berg. Nokre våte områder. Bruk godt fotføy.

Om turen: Turstien startar frå Ersland bedehus. Gå ca. 200 m retning Haugesund, ta av til høgre og gå gjennom eit gardstun. Ta av til høgre ved grå løe og følg merka traktorveg oppover. Ved neste vegskilje er det skilta bort til høgre mot Kvernhuset og til venstre vidare for turen. Følg traktorveg vidare oppover til rett før eit gammalt gardstun og ta til høgre her gjennom ein port. Følg så merka traktorveg/sti opp mot Kalvelandsstemmen. Gå så på sørsida av vatnet, over gjerdeklyvar og vidare i retning mot Hodnafjellet. Ved eit vegskilje, følgjer ein merka sti til høgre mot Varden. Ein går same turen ned igjen, eller tar turen bortom Hodnafjell om ein vil.



BJOA – Kulturstien på Utbjøa

Avstand: ca. 3 km

Tid: 1-2 t (rundtur)

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Ta av frå E134 ved Ølensvåg og følg fylkesveg 543 til Utbjøa fergekai. Parkering på kalen.

Terreng: Sti med nokre fuktige område. Kystlandskap med kupert terreng og variert vegetasjon.

Om turen: Start frå parkeringsplass på Utbjøa fergekai. Her er informasjonstavle og skilt som viser veg. Første del av turen går på veg, men går fort over på sti. Turen går i lett, kupert terreng og delvis i fuktig område. Kulturstien passerer fire helleristningsfelt og to felt med skålgroper i berg. I dag ligg også fem gravrøyser langs stien, tidlegare har det vore fire til. Bak eksisterande naustmiljø i Utbjøavågen finn ein rester etter gamle båtstøer som kan vere frå før-reformatorsk tid. Deler av turen går i strandsona, og du er aldri lengre vekk enn at du kan ta deg fram til sjøkanten om du vil ha fritt utsyn mot Sunnhordlandsbassenget i nord. Det eine fornminnet, ei gravrøy, ligg strategisk plassert i innløpet til Utbjøavågen med god utsikt til sjøen og busetnaden i vågen.



ØLEN – Svartafjell

Avstand: 7 km t/r frå Opheim og 4-5 km t/r frå Øklandsvegen/Klungeland

Tid: 2-3 t

Vanskegrad: Krevjande

Tilkomst og parkering: Parkeringsplassen på fjellet ved Opheim eller på Klungeland. Det er merka parkeringsplass ved vegen til Økland, ca. 100 m frå hovudvegen mellom Ølen og Sandeid. Du kan og parkera ved Øklandsvegen og gå til toppen frå Klungeland. Ein tørrare, men brattare sti.

Om turen: Svartafjell er 491 moh, og er det høgaste punktet mellom Øklandsvatnet og Ølen. Frå toppen får du god utsikt i mange retningar. Det er merka sti frå parkeringsplassen på Opheim, ca. 4 km. Bør ha støvlar / fjellsko pga. våte parti. Stien går mot sør-vest, i småkupert terreng. Etter ca. 1 km svingar stien mot sør, kryssar ein bekk og stig mot Lille Eivindsåsen. Stien dreier så mot vest. Du er over halvvegs når du møter merka sti mot Øklandsvatnet. Stien går sør for Svartatjørn på veg til toppen. Frå toppen kan du gå tilbake til parkeringsplassen eller følgja den merka stien vidare vestover mot Klungeland. Stien går her nord for Klunglandsstølen. Det er to godt merka stiar ned lia. Begge ender i tunet til Johannes Klungland.



Nydeleg utsikt på Svartafjell



Del gjerne bilete frå turane på

Instagram: [#vakrevindafjord](#)

VATS – Stølshaugen i Aurdalsdalen (328 moh.)

Avstand: 6,2 km t/r

Tid: 2 t 15 min t/r

Vanskegrad: Middels

Tilkomst og parkering Kjør om lag 3,2 km på E134 frå Knapphus mot Ølen, til tidlegare Vats gartneri der det står skilt til Aurdal, ta av til høgre her. Følg denne vegen til endes (1,4 km). Kjør litt forbi tunet til familien Haslemo. Her finn du ein god parkeringsplass med informasjonstavle.

Terreng: På denne turen passer fjellsko best. Følg god traktorveg langs elva oppover forbi Sagflåta og over Kleiva bru. Vidare går turen i slakt terreng til du kryssar Aurdalselva på ny ved Fjellgardsbakken. Her er det hagebenk og kan være et fint stopsted desom du vil gå ein tilrettelagt tur. Vegen vidare slyngar seg oppover i furuskog til vegkryss med skilt. Gå vidare til Tverrelvbrua der det står ein ny hagebenk. Gå vidare til neste bru over elva. Då er det å følge vegen vidare oppover til Stølshaugen, sjå skilt.

Om turen: Gjennom denne dalen, Aurdalsdalen, har det vore ein gamal ferdselsveg frå Øvre Vats til Sandeid i gamle dagar. I dag går det traktorveg langt innover og endar nesten der ein annan traktorveg kjem frå Steinsland i Sandeid.



Stølshaugen
Foto: Jon Olav Velde



Husmannsplassen Bjørnstigen
Foto: Ann Louise Auestad

VIKEDAL – Bjørnstigen 340 moh.

Avstand: 4 km t/r

Tid: 2 t t/r

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Frå Vikedal sentrum tek du av til Roaldkvam. Følg skilta 15,1 km til enden av Fjellgardsvatnet. Kjør over brua her inne og ta til høgre ved skilt. Det er skilta til parkering. Turen starter ved parkeringsplassen.

Terreng: Det er traktorveg nesten heilt opp. Du kan bruke vanlege tette sko, men anbefales fjellsko om du tek turen vidare frå Bjørnstigen.

Om turen: Bjørnstigen er eit ynda mål på grunn av fin utsikt og unik historie. Første del av turen er lett og du får Grunnvatnet på høgre hand. Her er det gode fiskemoglegheiter og du vil finna ei perle av ein plass for bading i nedre del av vatnet. På veg oppover får du fin utsikt over Fjellgardsvatnet med rasteplass. Husmannsplassen Bjørnstigen under Roaldkvam, (no Ørekjervan), ligg tett innunder høge berg og her har folk heilt frå 1600-talet og fram til 1906 slite og strevd for føda. Huset brann ned på 1700-talet og då budde dei i ei hule oppe i ura (Madsa-stova), medan dei bygde nytt hus. Huset vart flytta ned til Ørnes i 1908, vart rive i 1989 lagra og restaurert og flytta tilbake att av eldsjeler i bygda i samarbeid med Mo skule og Falken 4H, eit stort prosjekt. Huset står på dei gamle murane, eldhus er restaurert og murane syner at fjøset var bygd saman med stovehuset. Steinhellene der kyrne stod ligg der den dag i dag. Returen kan gjerast inn til Botnavatnet. Ta til høgre over Sørrelva, via Sjurstølen og heim, (5-6 t). Ein kan og ta til venstre i Prestabotn og gå mot Etne (Kritle), under Bjørndalsvia. Til Sauda via Nore Bjørndalen eller til Tysseland via Søre Bjørndalen.

6 lettare turar for alle

Også for barnevogner, sykkel,
rullestolbrukarar og rørslehemma

ØLEN – Rundt Ølen sentrum



Rundttur i Ølen Sentrum

Avstand: 3,5 km (rundttur)

Tid: Ca. 1,5 time

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Bak Ølen kulturhus ved Ølen båtlag sin molo.

Terreng: Sentrumsnært område med litt bratte bakkar opp til flata, der det er god utsikt utover Ølsfjorden. Delar av turen går på grusveg.

Om turen: Turen startar frå Sjøperlo (Ølen Kulturhus) og går mot Osen / Oselva. Gå opp Osabrekko, som er noko bratt. Når du kjem til vegen som går til Øvrehagen, ta til høgre ned til Steinbru. Studer brua som er den eldste steinkvelvingsbrua i Ølen - eit kunstverk. Vidare går turen opp til Fatland Slakteri, over E134 og opp mot gardane på Eide. Her er det god utsikt. Ved poststativet til Eide Gard finn du koden.

Følg grusveg til Sandeidvegen og kryss denne. Her kan du ta ein ekstra tur bort til Nerheimstunet, bygdetun frå 1859. Rundturen går vidare ned postvegen langs Eioelva. Her kan du sjå gamle vegskilt. Kryss E134 og følg Sjoagata gjennom det historiske sentrum av Ølen. Ein fin plass å ta kaffipause er i Joa-Kari-parken i sentrum.

VATS – Fjellgardsbakken i Aurdalsdalen

Avstand: 3,4 km t/r

Tid: 1,5 t t/r

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering Kjør om lag 3,2 km på E134 frå Knapphus mot Ølen, til tidlegare Vats gartneri der det står skilt til Aurdal, ta av til høgre her.

Følg denne vegen til endes (1,4 km). Kjør litt forbi tunet til familien Haslemo. Her finn du ein god parkeringsplass med informasjonstavle.

Terreng: Følg traktorveg / bilveg heilt opp til Fjellgardsbakken. Vegen går langs Aurdalselva oppover forbi Sagflåta og over Kleiva bru og vidare langs elva til Fjellgardsbakken der du må kryssa Aurdalselva på ei bru viss du vil gå vidare. Bruk fjellsko eller vanlege sko i fint ver.

Om turen: Gjennom Aurdalsdalen har det vore ein gamal ferdselsveg frå Øvre Vats til Sandeid. Ved brua på Fjellgardsbakken er det sett opp hagebenk og vippe for ungar. Dersom du vil, kan du gå over brua og følge vegen vidare 600 m oppover. Då kjem du til ein ny fin rasteplass ved Tverrelva. Dette er ein fin tur i bjørkeskog, i eit litt brattare terreng. I dag går det traktorveg innover heilt over til Steinsland i Sandeid. Det manglar veg berre eit kort stykke. Følg namneskilt langs vegen innover dalen.



Fjellgardsbakken
Foto: Jon Olav Velde

SKJOLD – Frå Isvik mot Trovåg

Avstand: 4,8 km t/r til postkasse og 8 km t/r til Trovåg

Tid: 1,5-2,5 timer

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Ta av frå E134 i Isvik.

Parkering i sentrum av Isvik.

Terreng: Ein del flate parti, men og nokre bakkar.

Gang- og sykkelsti, fortau og ferdsl langs veg.

Asfalt på heile turen.

Om turen: Start og mål i Isvik. Ein følger Vikevegen mot Vikebygd. Nokre bakkar dei første kilometerane. Ein går forbi tidlegare Langeland Bakeri, Skjold trevare, Bedehus og vidare oppover mellom gardane langs Haakull. Så kjem ein til eit vegkryss, her fortset ein vidare på gang- og sykkelsti. Ein passerar Moldesæther bilverkstad, her er det ei gruppe tidligere bussjåførar som fiksar gamle HSD-bussar på fritida i ein del av verkstaden. Når ein kjem til eit busstopp ved «Lykkepoten hundehotell», finn ein kodeordet for turen. Ønsker ein å gå heile gang- og sykkelstien til Trodvågfeltet, forset ein vidare. Då kjem ein til Moldesæthervatnet, som ligg idyllisk til langs gang- og sykkelstien. Til slutt kan ein gå over vegen til Trodvågfeltet og kikka på utsikta over Ålfjorden.



Frå Isvik mot Trovåg
Fotograf: Siri Nonslid

IMSLAND – Ølmedal rundt

Avstand: 7 km (rundtur)

Tid: ca. 1,5-2 t i roleg turfart (rask gange 1 t)

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Kjør til Imstrand og parker ved bygdauset.

Om turen: Turen går rundt Ølmedalsvatnet på lett kupert asfalt veg. Ein fin tur i flotte omgivelser. Kode finn du i enden av vatnet, ved brua.



Ølmedal rundt

VIKEBYGD – Rundt nullen

Avstand: ca. 2,4 km


Tid: ca. 30 min

Vanskegrad: Enkel


Tilkomst og parkering: Ved Bygdahuset som ligg ved idrettsanlegget nord i bygda.

Terreng: Asfaltert veg

Om turen: Ein startar med å gå over på vestsida av vegen, følgjer sykkelstien 100 m og tek av inn mot barnehagen og skulen. Gå inn porten til barnehagen og fortset forbi skulen. Ta gjerne ein pause og prøv dei unike styrketreningsapparata i treningsparken på nedsida av skulen. Fortset så ned bakken på sykkelstien og ned til Plassabakeriet. I helgene på sommarstid vil du kunne ta deg ein matbit her. Fortset langs sjøen bort til småbåthamna. Her finn du koden på turkassen. Dette er ein flott plass å ta pause eller ta eit bad på stranda. Etterpå går ein opp forbi kyrkja til hovudvegen, gå nordover og inn på sykkelstien igjen oppe ved butikken. Følg sykkelstien tilbake.



Rundt nullen i Vikebygd
Foto: Linn-Henny Andersen



Bjoavatnet rundt. Foto: Mari Hetland Sunde

BJOA – Bjoavatnet rundt

Avstand: 3,2 km (rundtur)

Tid: ca. 45 min

Vanskegrad: Enkel. Tilrettelagt.

Tilkomst og parkering: Ta av frå fv. 543, Bjoavegen, inn på Eikåsvegen i kryss skilta til m.a. Dalen. Kjør opp bakken, ca. 450 m, til du kjem til parkeringsplass på venstre side av vegen. Informasjonstavle.

Terreng: Turveg rundt vatnet i skogsterreng med varierende vegetasjon. Turvegen er grusa og har god standard for rullestol, barnevogn, sykkel m.m. Lange flate parti, berre kortare strekk med litt stigning.

Om turen: Følg grusveg gjennom granskog i sørleg retning, ca. 350 m. Ta til venstre og følg skogsbilveg inn til tømmervelteplass ved enden av Bjoavatnet. Herfrå går turen på nybygd turveg langs vatnet i sørleg retning (ikkje følg skilt til Gråhorgja). I sør-enden av vatnet svingar løypa mot vest og kjem ut på Eikåsvegen (asfaltert veg). Følg Eikåsvegen nordover og tilbake til utgangspunktet. Det er plassert ut bord og benker på 4 stadar på austsida av vatnet. To stadar har også bålpanne for grilling. Koden finn du på turkassen på den første rasteplassen.



For turkart og mer informasjon:

www.vindafjord.kommune.no
(Kultur og fritid - friluftsliv)

Eller skann QR-koden med mobilen.



Hugs bandtvang og vis omsyn.
GOD TUR!

Namn _____

Adresse _____

Poststad _____

Telefon _____

Alder (sett kryss) : Under 15 år ☐

Over 15 år ☐

*Skriv inn kodeorda du fann på turane.
Du kan velge om du vll delta på ein eller begge.*

Kodeord (6 turer)

Rundt Ølen sentrum

Fjellgardsbakken

Frå Isvik mot Trovåg

Ølmedal rundt

Rundt nullen

Bjoavatnet rundt



**VINDAFJORD
KOMMUNE**

v / Kultur og læring
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Kodeord (9 turer)

Bukkanibbo

Hovda

Vasstølsvatnet

Trodlanibbå

Varden

Svartafjell

Kulturstien på Utbjoa

Stølshaugen

Bjørnstigen